




Dovre kommune

Kultur-, oppvekst- og
undervisningsetaten



Enig og tro til Dovre faller

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Vår ref
2007/306/3/A00

Deres ref:

Saksbehandlar
Maj- Britt Svastuen
61242120

Dato
31.01.2008

Høring - forslag til endringar i opplæringslova.

Viser til brev av mottatt 02.01.08.

Endringane i opplæringslova har vore drøfta i rektormøte 24.01.08 og møte i oppvekst-, kultur og omsorgsstyret 30.01.08.

Dovre kommune viser til forslag til endringar i høve til KRL-faget på grunn av dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen. Kommunen støttar at fritak for KRL-faget kan gjevast som melding, slik det også har vore praktisert hittil. Men vi vil peike på at det kan vere vanskeleg å ivareta kunnskapsmåla, når ein berre skal gi melding for å få fritak. Det bør difor drøftast om retten til fritak bør styrkast, i staden for å endre innhaldet i faget.

Med omsyn til endringar i faget frå *kristendoms-, religions- og livssynskunnskap* til *religion, livssyn og etikk*, meiner vi at kristendom bør vere med i tittelen på faget. Den kristne kulturtradisjonen bør følgjast opp i tråd med det kristne verdigrunnlaget som vårt samfunn bygger på. Det er difor naturleg at kristendom får ein kvalitativt større plass i faget enn andre religionar. Dette handlar ikkje om at ein ikkje har respekt og toleranse for andre religionar, men at ein må ha eit grunnlag i eigen religion og kultur for å kunne forstå og respektere andre. Argumentet om respekt for andre og toleranse for andre religionar, må ikkje føre til at den kristne kulturtradisjonen ikkje kan vidareførast.

Dovre kommune har ei folkekyrkje, der nesten alle innbyggjarane er medlemmer, og skolane i Dovre har eit godt samarbeid med presten og kyrkja. Ein ynskjer ikkje at endringane i KRL-faget skal føre til at dette samarbeidet ikkje kan vidareførast.

Med helsing

Maj- Britt Svastuen

Maj- Britt Svastuen
kultur-, oppvekst- og undervisningssjef

Postadresse
Dovre kommune, Kongsvegen 4
2662 DOVRE
E-post: postmottak@dovre.kommune.no

Besøksadresse
Båtsto
www.dovre.kommune.no

Telefon
612 42100
Telefaks
612 42101

Bank
2065 0700008
Org.nr
939849831

Kopi: OKO-styret
Rektorar
Rådmann
Kyrkja i Dovre